



REGLAR FOR TILDELING AV TOMT I KOMMUNALE BUSTADFELT I LUSTER KOMMUNE

Reglane gjeld innafor kvar einkel reg.plan/bustadfelt

1. Tildeling av einebustadtomt i nytt kommunalt bustadfelt, eventuelt utviding av eksisterande, skal skje etter loddtrekning der tomtesøkjarane i søknad har valt tomtar i prioritert rekkefølgje.
 - Rådmannen avgjer kva tomter som skal vere med i utdelinga. Rådmannen avgjer også kor ofte og på kva tid tildeling skal foregå.
 - Utlysinga av tomter skal annonserast på heimesida til Luster kommune og i Sogn Avis. Frist for å søke skal vere 3 veker.
 - Rådmannen kan i særlege høve føreta tomtetildeling utan loddtrekking, samt føreta tomtetildeling utan loddtrekking til grunneigarar som friviljug eller ved tvang avgjer grunn.
 - Byggjefirma kan søke, og få tildelt inntil to tomtar, men private husbyggjarar vil bli prioritert ved kjøp av tomt til einebustad dersom det er søknad på lik tomt.

Etter tildeling, jamfør ovannemnde, vert tomtar selde kontinuerleg når søknadar kjem inn. Byggjefirma kan søkje om inntil to tomtar om gangen.

2. Tildeling av tomtar i kommunale bustadfelt, avsett til rekkehushus, blokker mv. skal skje etter same prinsipp som for einebustadtomtar. Men her kan byggjefirma søkje om fleire tomtar, delområde/"tun" om gangen.
3. Dei som får tildelt tomt får ein frist på eitt år fra tildeling, til tomta må takast i bruk. Rådmannen kan etter søknad forlenge denne fristen.
 - Faktura for tomt blir sendt når byggjesøknad er registrert, faktura må betalast før det blir gjeve byggjeløyve.

Byggjefirma kan, etter søknad, få betalingsplan ved tildeling av tomtar til rekkehushus, blokker mv.

- Luster kommune fakturerer 25 % av tomtepris når byggjesøknad er registrert, faktura må betalast før det blir gjeve byggjeløyve.
- Restsum blir delt på tall bueiningar.
- Luster kommune fakturerer når det er gjeve midlertidige bruksløyve/ferdigattest for kvar einkel bueining.
- Ved inngåing av betalingsplan får byggjefirma tildelt ein tomt/område om gangen.

Byggjefirma må starte bygging på tildelt tomt/område før dei kan søke på nytt.

4. Dersom ein søker etter tomtetildeling trekkjer seg, må han stille bakarst i køen av tomtesøkjarar.
5. Inntil det er bygd hus på tomta har kommunen forkjøpsrett på tomta, mot attendebetaling av betalt tomtepris.

Desse reglane vart vedtekne av Luster kommunestyre 24. september 2015, k.sak 57/15.